

DET  
KONGELIGE  
NORSKE  
VIDENSKABERS  
SELSKAB

---

*Editor*

Kristian Overskaug, The Royal Norwegian Society of Sciences and Letters,  
Posttak, NO-7491 Trondheim  
e-mail: post@dknvs.no  
URL: <http://www.dknvs.no>

*Editorial board*

Medicine/Biology: – Helge Reinertsen  
Chemistry/Geology: – Tore Prestvik  
Physics/Mathematics: – Helge Holden  
Technology: – Harald Øye  
Philosophy/Religion/Psychology: – Peder Borgen  
History/Social sciences: – Asbjørn Aase  
Literature/Languages/Art: – Jan Ragnar Hagland

Tapir Academic Press, 7005 Trondheim

Communications regarding accepted manuscripts, orders of reprints,  
subscriptions etc. should be sent to the Publisher.

# **Leksikalsk forsking i norske målføre og nynorsk skriftspråk**

**Rapport frå eit seminar i regi av Det  
Kongelige Norske Videnskabers Selskab  
9.–10. oktober 2009**

Tor Erik Jenstad og Lars S. Vikør (redaktørar)

© DKNVS og Tapir Akademisk Forlag, Trondheim 2011

ISBN 978-82-519-2687-4

ISSN 0368-6310

Trykk og innbinding: AIT Oslo AS

Det må ikke kopieres fra denne boka ut over det som er tillatt etter bestemmelser i lov om opphavsrett til åndsverk, og avtaler om kopiering inngått med Kopinor.

Tapir Akademisk Forlag

7005 TRONDHEIM

Tlf.: 73 59 32 10

E-post: [post@tapirforlag.no](mailto:post@tapirforlag.no)

[www.tapirforlag.no](http://www.tapirforlag.no)

Forlagsredaktør: [terje.togersen@tapirforlag.no](mailto:terje.togersen@tapirforlag.no)

## Forord

Det er velkjent at Det Kongelige Norske Videnskabers Selskab har eiærerik historie i norsk språkforskning, gjennom støtta til Ivar Aasen som gjorde det mogleg for han å kartleggje dialektane og på grunnlag av dei setje opp den nasjonale skriftspråksnormalen som har blitt til moderne nynorsk. Eiærerik historie forpliktar. Dei to underskrivne medlemmene av Selskabet har som fagleg ansvar å vidareføre den målgranskinga som Ivar Aasen grunnla, og delta i den omfattande kartlegginga av ordtilfang og ordbruk i norske dialektar og det nynorske skriftspråket i det nasjonale prosjektet Norsk Ordbok, som no har fått årstalet 2014 lagt til seg. Da skal ei papirutgåve av ordboka i 12 band vere fullført. Norsk Ordbok blir i hovudsak redigert på Universitetet i Oslo, men ei mindre avdeling av redaksjonen har arbeidsplass på Noregs Teknisk-Natur-vitskaplege Universitet på Dragvoll.

DKNVS arrangerer kvar haust eit miniseminar i Trondheim om eit emne som blir foreslått av medlemmer av Selskabet, og desse medlemmene står da for det faglege opplegget på desse seminara. Innanfor vårt felt vart det halde eit slikt miniseminar i 1996 over temaet "Gransking av norsk mål hundre år etter Ivar Aasen" og eitt i 2005 over emnet "Regional språkhistorie", sistnemnde i sam-band med eit stort prosjekt om emnet "Trøndersk språkhistorie". Rappertane frå begge seminara er utgitt i bokform i denne skriften (nr. 3-1997 og nr. 1-2006), liksom *Trøndersk språkhistorie* (nr. 3-2008).

I 2007 foreslo Lars Vikør for Selskabet å arrangere eit miniseminar om emnet "Leksikalsk forsking i norske målføre og nynorsk skriftspråk", både for å markere og vidareføre tradisjonen etter Ivar Aasen, og for å styrke tilknytinga mellom fagmiljøet i Trondheim og prosjektet Norsk Ordbok. Selskabet var velvillig, og det vart fastsett at seminaret skulle haldast i 2009. I den perioden vart Tor Erik Jenstad innvotert som medlem av Selskabet, og var dermed ein naturleg samarbeidspartner i planlegginga av seminaret. Sidan Jenstad er busett i Trondheim og Vikør i Oslo, er det Jenstad som har hatt den tettaste kontakten med Selskabet om organiseringa. Sekretær Turid Fredagsvik og generalsekretær Kristian Overskaug har vore effektive samarbeidspartnarar på DKNVS si side. Også leiinga av Norsk Ordbok 2014 har vore positivt interessert og har ytt både moralsk og

finansiell støtte, ved prosjektdirektørane Kristin Bakken (til 2008) og Åse Wetås (frå 2008).

Seminaret gjekk av stabelen i Suhmhuset (Middelaldermuseet) ved DKNVS, Museet, den 9. og 10. oktober 2009. Det var om lag 25 deltagarar, og åtte foredrag. I denne rapporten er alle foredraga komne med, og litt meir i tillegg. Lars Vikør heldt foredrag med tittelen "Nynorsk ordbokshistorie (både ein- og tospråkleg) med vekt på Steinar Schjøtts innsats". I rapporten er dette foredraget delt i to artiklar, ein generell om nynorsk ordbokshistorie, og ein om Schjøtt. Sylvi Dysviks annonserte foredrag om nynorsk fagleksikografi måtte gå ut på grunn av at ho fekk forfall, men ho skreiv etter oppmoding den artikkelen som er trykt i rapporten. Rapporten blir avslutta med eit felles engelsk saman-drag av alle artiklane.

Vi valde å starte med temaet "Nynorsk ordbokshistorie" (Vikørs og Dysviks artiklar), og gjekk så direkte over på Norsk Ordbok: Wetås presenterte ordboka som prosjekt og som fagleg standardverk, Jenstad såg på material-grunnlaget frå ein trøndersk synsstad, og Borthen viste med eit konkret døme korleis ordboka kan brukast i lingvistisk forsking, jamvel på syntaktiske emne. Neste avdeling handla om leksikalske tendensar i nynorsk skriftspråk (Brunstad og Frelstad). Bugge heldt det einaste målføreorienterte innslaget da ho drøfta studiar av "orddød" frå eit metodisk synspunkt. Til slutt samla Ålov Runde trådane for den nynorske (og bokmålske) dokumentasjonsleksikografien og retta blikket mot framtida. Det er viktig: Når Norsk Ordbok er ferdig i 2014, har landet tilgang på ein uvanleg kunnskapsressurs innanfor moderne norsk språk-forsking i form av (ca.) atten toppskolerte nynorskleksikografar under femti år trenar i moderne språktekologiske metodar som også meistrar bokmål og har allsidig kompetanse på alle delar av lingvistikken. Det er ein ressurs samfunnet bør vite å ta vare på og dra nytte av i mange tiår framover. Såleis kan vi seie at seminaret knyter fortid, notid og framtid tett saman.

Trondheim – Oslo, februar 2011

Tor Erik Jenstad

Lars S. Vikør